



Tre markerte lokalaviser i kommunen

Direktør for Ivar Aasen TUNET, Ottar Grepstad, har skrive boka Avisene som utvida Noreg.

Det handlar om den nynorske pressa frå Vinjes Dølen i 1850 til Åmliavisa i Aust Agder i 2008

I ein oversikt finn vi Folgefonn (1939 - 1941) med Thor Myklebust som bladstyrar. Stort meir er ikkje skrive om Folgefonn i Grepstad si bok. For eiga rekning legg vi til at avisa er politisk ubunden og kjem ut i Uskedalen ein gong i veka og kostar 4 kr året.

Folgefonn er eit lokalblad for bygdene på vestsida av fonna,- Strandebarm, Fjelberg, Tysnes og Kvinnherad. Krigen lagar vanskar for Thor Mykelbust. Han tek ikkje inn stoff frå nazileinga. Då er det ikkje anna råd enn å be om omrømingstid. Siste nummeret kjem ut 24. januar 1941.

Myklebust vil ta oppatt bladdrifta etter krigen. Ein lovande start med over 1000 tingarar gjer at han faktisk har planar om eige trykkeri i Kvinnherad. Slik vert det ikkje. Han vert henta til Bergen og går inn i Bergens Tidende som ein leiande journalist i vel 30 år bortsett frå to periodar på Stortinget for Venstre.

Dei andre nynorsk-avisene i Kvinnherad er alle nemnde. Det gjeld Grenda (1951) med den velkjende bladstyraren Olav Aurvoll, Kvinnheringen (1973) og Sunnhordland Avis (1974 - 1978)

Derimot finn vi ikkje noko om Meidell si avis Hordafylke frå 1912. Heller ikkje Andreas Bjelland frå Uskedalen med Odda Nyhetsblad (1925 - 1946) Begge desse avisene var skrivne på riksmål.

Av Kristian Olav Bringedal